



Arkivnr: 2018/16480-141

Saksbehandlar: Marielle Solheim

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		07.11.2019

## Forskningsprosjekt om aldersvennlege omgjevningar - invitasjon til open dag

### Samandrag

Senter for omsorgsforskning, vest, ved Høgskulen på Vestlandet, er med på eit internasjonalt prosjekt som har fokus på aldersvennlege omgjevningar. Kort prosjekttale på norsk ligg vedlagt, og utfyllande informasjon finnast på [prosjektet si heimeside](#) (direktelenkje). Det vil dessutan vere ein introduksjon til dette prosjektet på andre dag av Haustkonferansen.

Det internasjonale forskarteamet skal på feltbesøk til Bergen i veke 50. Måndag 09.12.19 arrangerer dei open dag, der det internasjonale teamet kan møte ulike interessentar. Fylkeseldrerådet er inviterte til denne opne dagen, både som deltakarar, og dessutan til å halde eit innlegg.

Fylkeseldrerådet vert no bedne om å ta stilling til (1) kven som skal ta del på open dag, og (2) kven som eventuelt skal halde innlegg. Merk at innlegget, og mykje av dialogen, må vere på engelsk.

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding, men det vert understreka at dette ein god mogleik til å formidle korleis og med kva fylkeseldrerådet arbeider, samt utveksle erfaringar og innspel.

Bertil Søfteland  
leiar, fylkessekretariatet

Marielle Solheim  
administrativ sekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*